



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato
09.05.2017
Dykkar dato
08.05.2017

Vår referanse
2017/3347 612
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Tildelingsbrev - Lindås -tilretteleggingsmidlar vidareutdanning - barnehage - våren 2017

Fylkesmannen overfører **kr. 175 000,-** til Lindås kommune, organisasjonsnummer 935084733, kontonummer 3201 05 89311. Midlane skal utbetalast til barnehageeigarar for å legge til rette for vidareutdanning av tilsette våren 2017. Oversikt med namn på barnehage, student og det tildelte beløpet er lagt ved dette brevet.

Midlane blir utbetalt på grunnlag av stadfesting frå kommunen. Vi viser til informasjon om tilretteleggingsmidlar for vidareutdanning av tilsette i barnehagen på Utdanningsdirektoratet sine heimesider.

Bruk av tilretteleggingsmidlar

Barnehageeigar må avklare med sine tilsette lokalt korleis midlane skal brukast. Eigar skal sørge for at tilretteleggingsmidlane kjem den tilsette til gode slik at denne kan gjennomføre studiet. Det bør leggast opp til å gje den tilsette permisjon med løn. Midlane kan brukast til vikar når den tilsette deltek på studiesamlingar og for lese- og eksamensdagar. Midlane kan gå til å dekke utgifter til reise, opphald og semesteravgift, og til studiemateriell til det aktuelle studiet.

Midlane skal ikkje utbetalast som stipend, då dette fører til skatteplikt for den tilsette.

Andre vilkår

Barnehageeigar skal melde frå til kommunen som barnehagemyndede dersom den tilsette sluttar på studiet. Kommunen skal gi beskjed om dette til Fylkesmannen.

Tilsegn om midlar er gitt med atterhald om Stortinget sine løyvingar i statsbudsjettet.

Fylkesmannen kan kontrollere at midlane er brukt etter føresetnaden, jf §10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane er brukt etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom eigarar ikkje har gitt rette opplysningar, eller har brukt midlane i strid med føresetnaden, kan Fylkesmannen krevje midlane tilbakebetalt.

Vedlegg : Namneliste

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.